



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

22.09.2022

Vår ref:

2022/11616

Dykkar dato:

Dykkar ref:

201000184

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Sølsnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknader om utsett byggjefrist for Sessaelva kraftverk og Haugaelva kraftverk i Gloppen kommune

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknader til søknadene om utsett byggjefrist for Sessaelva kraftverk og Haugaelva kraftverk. Vi vil likevel minne om tidlegare innspel som gjeld detaljprosjektering av Haugaelva kraftverk, for å kunne ivareta ein lokalt viktig gamal barskoglokalitet på best mogleg måte.

Vi viser til brevet 29.8.2022 som gjeld høyring av søknad om utsett byggjefrist for Sessaelva kraftverk og Haugaelva kraftverk.

Statsforvaltaren er bedt spesielt om å vurdere om kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg etter naturmangfaldlova § 8, eller om det er behov for ytterlegare utgreiingar.

Sessaelva kraftverk

Statsforvaltaren i Vestland har ikkje opplysningar om viktig naturmiljø eller anna gjeldande våre ansvarsområde som ikkje var kjent i konsesjonsprosessen for Sessaelva kraftverk. I høyringa påpeika vi at kartlegginga av naturmiljø blei gjennomført så seint i sesongen, at det ikkje var dekkande for karplanteflora og fugl. Det er likevel ikkje sannsynleg at nye feltundersøkingar vil gi nye tungtvegande funn som får noko å seie i konsesjonsvurderinga. Med vassveg i tunnel, og krav i konsesjonen om noko mindre slukeevne enn prosjektsøknaden la opp til, blei det vurdert at konsekvensane ville bli akseptable for bekkekløfta med verdi lokalt viktig (C) og fjordlandskapet.

Vi vil ut frå dette ikkje rå frå at det blir gitt utsett byggjefrist for Sessaelva kraftverk.

Haugaelva kraftverk

Det aktuelle området ligg nordvendt på søraustsida av Storfjorden/Eimhjellevatnet. Ut frå registreringar på søraustsida av vatnet i 2016, blei det funne høge verdiar for naturmangfold, særleg av raudlista artar knytt til regnskogsmiljø. Det kan truleg vere potensial for raudlisteartar langs heile søraustsida av vatnet.

Naturmiljøkartlegginga for Haugaelva kraftverk påviste ein gammal barskog med verdi lokalt viktig (C). Dette var ikkje avgjerande i konsesjonsvurderinga. Vi minner likevel om tilrådinga om at detaljprosjekteringen må følgjast nøy opp, slik at røyrgatetraséen gjennom barskoglokaliteten blir



lagt utanom gamle furu- og bjørketre. Vidare bør anleggsvegen følge heile røyrgatetraséen, for å unngå å måtte byggje mange mellombelse tverrvegar inn mot røygata. I høyringa spelte vi òg inn korleis storaure i Storelva kunne ivaretakast ved ei utbygging, og vi var kritiske til at vatnet ikkje skulle tilbakeførast til elva. Kunnskapsgrunnlaget om fisk var likevel tilstrekkeleg, og nye fiskeundersøkingar vil lite truleg få vesentleg å seie i ei eventuell ny konsesjonsvurdering.

Ut frå dette vil vi ikkje rá frå at det blir gitt utsett byggjefrist for Haugaelva kraftverk.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Sølsnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Gloppen kommune

Postboks 7900
Grandavegen 9

5020
6823

BERGEN
SANDANE